



# Trafikksikkert nærmiljø

Tryggleik i nærmiljøet er eit felles ansvar. Her er litt informasjon og nokre tips for å redusera risikoen for alvorlege trafikkulykker i nærmiljøet.

## Fart

I tillegg til at sjølve ulykkesrisikoen er større ved høg fart, er også sannsynlegheita for alvorlege konsekvensar større. Det er oftast øvre fartsgrense på 30 km/t i bustadfelt. Ved fart over dette aukar dødsrisikoen ved påkjørsel betrakteleg. Respekter fartsgrensa!

## Ver synleg

Bruk refleks, også om du beveg deg kor det er gatelys. Me har mange mørke og våte kveldar og morgenar i løpet av eit år. Ved bruk av refleks reduserer ein risikoen for å bli påkjørt med 85 prosent. Ha gjerne refleks i knehøgde, kor den er mest synleg for bil.

## Sikt

Som grunneigar har du ansvar for at hekken din ikkje skaper trafikkfarlege situasjonar. Informasjon om hekkeklipping finn ein på heimesidene til kommunen [her](#).

## Parkering

Parker kun på lovleg plass. Det er alltid forbudt å parkere heilt eller delvis på sykkel-/gangstiar og fortau. Ein må vere 5 meter frå kryss og 5 meter foran fotgjengerovergangar om ein skal parkera langs veg. Parker ikkje slik at sikt blir hindra for andre trafikantar, eller at brøyting av veg blir hindra.

## Rygging

Unngå å rygge ut i vegen, sjølv om den er lite trafikkert. Gjer det til ein vane å rygge inn ved parkering.

## Born og trafikk

Born evnar ikkje å forstå trafikkbildet på same måte som vaksne, og har ikkje fullt utvikla syn og hørsel. Ver spesielt vaktsam på stader der det er naturleg at born oppheld seg. Ein har særleg plikt til å halde tilstrekkeleg liten fart og om naudsint å stanse ved passering av born i eller ved veg.

## Syklist

Bruk hjelm og sørge for at sykkel er i forskriftsmessig stand. Brosjyra ”Hvordan skal du sykle” som omtalar trafikkreglar for syklistar finn ein [her](#), eller ein kan få trykka eksemplar ved å kontakta kommunen. Hugs lys!

”Enhver skal ferdes hensynsfullt og være aktpågivende og varsom så det ikke kan oppstå fare eller voldes skade og slik at annen trafikk ikke blir unødig hindret eller forstyrret. Vegfarende skal også vise hensyn mot dem som bor eller oppholder seg ved vegen.”(Vegtrafikkloven § 3)

Meir informasjon rundt trafikktryggleik kan ein finne på:  
[www.tryggrafikk.no](http://www.tryggrafikk.no)

Tysvær kommune, postboks 94, 5575 Aksdal.  
Tlf: 52 75 70 24, mail: post@tysver.kommune.no

